

ÅRDAL

HANDLINGSPLAN

2023




HANDLINGSPLAN 2023

Framskrivingar for Årdal

SSB har skrivt fram utviklinga for Årdal. Desse framskrivingane kom i 2020 og var til dels svært negative for korleis utviklinga i kommunen ville bli fram mot 2040. Det er slik med denne framskrivinga som alle andre, at det er føresetnadane vi legg inn som styrer korleis resultatet vert.

Vi registrerer folketalsutviklinga på kvartalsnivå, og ser dette opp mot prognosane vi har. Den faktiske utviklinga er negativ i 2022.

Vi skulle sjølvstgt håpa på ei auke i folketallet, men det er også viktig at vi bremsar nedgangen. Det gjev håp om stabilisering og seinare auke.



Kor mange nye arbeidsplassar vil Årdal få, i åra som kjem?


Årdal Utvikling har no klar ein analyse for korleis tal arbeidsplassar i Årdal vil utvikle seg i åra fram mot 2050.

Kva type bransjar og bedrifter vi har, forklarar ein del av den historiske utviklinga, men i framtida kjenner vi ikkje til kva bransjar som vil auke eller minke. I Årdal har vi valt å fokusere på nye arbeidsplassar innan sirkulærøkonomi og teknologi, gjennom FOU selskapet SITEP AS.

Kompetansemiljøet i Årdal Teknologipark arbeider no med spanande teknologiprojekt som skal skape arbeidsplassane vår i åra som kjem. Vi trur at Årdal vil ha høg næringsattraktivitet, og vi legg dette inn som føresetnad i utviklinga framover.

Med høg næringsattraktivitet ligg det an til ein vekst i tal arbeidsplassar i næringslivet frå 1 817 arbeidsplassar på slutten av 2021 til 2 190 arbeidsplassar i 2050. Får vi etableringar av litt større industriprosjekt, vil utviklinga bli endå meir positiv og vi har i dag konkrete industriprosjekt som vil tilføre Årdal 250 nye arbeidsplassar. I same perioden vil vi også få ein reduksjon i arbeidsplassar, då bedrifter legg ned. Vanskane til Norsun gjer at arbeidsplassutviklinga blir dårleg i 2022 og 2023. Dette tek vi omsyn til i framskrivingane. Det skraverte arealet mellom høg og nøytral utvikling, er såleis den utviklinga Årdal Utvikling har tru på.

Utvikling sysselsette og prognose mot 2050



Årdal mot 2025 – utfordringar og utviklingstrekk

Reduksjon i folketalet vil truleg halde fram, men vi vil bremse nedgangen og nærme oss stabilitet i folketalet. Det er mange prognosar med sine føresetnader som seier noko om folketalet i 2040. Så er det likevel slik at det kan skje endringar i næringsstrukturen (utbyggingsplanar i industrien osv) i Årdal som gjer at utviklinga kan bli ein annan enn prognosen. Vi har forventningar til at slike endringar vil skje, og trur at på sikt kan Årdal stabilisere folketalet om lag på det nivået vi har i dag og legge grunnlaget for ein forsiktig vekst. Det som likevel gjer det ekstra utfordrande for Årdal er:


Bustad:

- Dramatisk nedgang i talet på attraktive bustader
 - Tal bustader til sal utgjer om lag 50% av ledige utlyste stillingar
 - Årdal har 623 sysselsette over 55 år, desse må erstattast med nye tilsette. Vi har ingen aktivitet på nye tilrettelagde seniorbustader, som kan fristille einbustader for sal.
 - Det vert i tillegg jobba med nye industriprosjekt som treng 200 tilsette fram mot 2025. Prosjekta planlegg start i rekrutteringa i 2023
- Korleis skal vi klare å rekruttere inn til arbeidsplassar i kommunen, når vi ikkje har bustader å tilby? Kommunen må:

- Kommunen eig i dag 62 leiligheiter. Eit fleirtal av desse må ein vurdere å selje for å finansiere deltaking i nye bustadprosjekt.
- Kommunen må sikre seg attraktive sentrumsnære areal for nye bustadprosjekt. Plansaker/regulering krev mykje tid, vi må difor starte dette arbeidet så raskt som mogeleg.
- Få nye fritidsbustader – potensialet er stort og set store krav til arealplanlegging
- Den store utbygginga på Tyin vil føre til eit press i randsona mot Årdal. Kommunen må ta omsyn og legge til rette for dette i nye reguleringsplanar av fjellområda våre.

Folketalet:

- Auke i tal over 40 år
- Dei store kulla i Årdal er nær pensjonsalder, vi vil få stor avgang neste 20 år.
- Mange sysselsette over 55 år – industri, omsorg og oppvekst
- Årdal vil ha ei rekrutteringsutfordring framover, då dei store kulla frå 50 og 60 talet nærmar seg pensjonsalderen og desse må erstattast.



Syssele setting:


- Vi vil få vekst i basisnæringane(industri) og auke i total syssele setting
- Reduksjon i regionale arbeidsplassar og stabilitet i besøksnæringane
- Reduksjon i statlege arbeidsplassar
- Press på underliggende barnehage og skule tilbod i kommunen, samt den vidaregåande skulen som vil vere avhengig av eksterne elevar.

Regionen – Årdal, Lærdal, Aurland:

- God balanse i næringsstruktur i ÅLA kommunane, får vi til eit endå betre samarbeid?
- Felles bu- og arbeidsmarknad
- Det blir svært viktig at ein unngår ei suboptimalisering innan kommunegrensene i Sogn.

Næringslivet:

- Auke i omsetnad, styrking av resultat og eigenkapital
- Bedriftene har svært god utviklingsevne. Det ligg an til auke i tal sysselsette.
- Auke i reiselivet, men tal tilsette aukar truleg ikkje
- Dekningsgrad i handelen utan motor/bil på 80%



Teikn på oppgang?

- Industrien vil sakte endre seg til avanserte teknologibedrifter. Dette vil også vere attraktive arbeidsplassar for høgt utdanna jenter.
- Næringsstrukturen vil vere stabil. Vi vil få ein vekst i industrien, truleg også auke i sysselsettinga. Satsinga til Hydro og NorSun er svært viktig for Årdal, då det får positive verknader for alle underleverandørane i Årdal. Nye industriprosjekt vil koma til Årdal. Satsinga i Årdal Teknologipark vil begynne å gi effekt i 2022 - 2024.
- Utviklinga fram mot 2024 heng nok også saman med store kull som går ut i pensjonsalder og som må erstattast i det eksisterande næringslivet. Det blir avgjerande korleis ein handterer rekrutteringa og utfordringane når det gjeld bustader.

HANDLINGSPLAN 2023

VISJON OG MÅL FOR ÅRDAL

Årdal kommune sin overordna visjon er at Årdal skal vera ein god og trygg stad å bu, leva og arbeida. Årdal Utvikling står opp om denne visjonen ved å bidra til ei berekraftig næringsutvikling med fokus på å leggja tilhøva til rette for eit lønsamt og variert næringsliv som gjev trygge arbeidsplassar, utvikla eit godt samarbeid mellom næringsliv og skule og mellom næringsliv og kommune.

Hovudmåla for Årdal Utvikling sitt arbeid er at Årdal skal:

- Ha stabilisert tal sysselsette med arbeidsstad i kommunen, og lagt grunnen for ein forsiktig vekst
- Ha stabilisert folketalet i kommunen, og lagt grunnen for ein forsiktig vekst
- Ha ein meir variert næringsstruktur enn den vi har hatt fram til no

Utfordringar Årdal (og regionen) vil møte

1. Utfordring 1 - Tilgang på kompetanse i ei verd i hurtig omstilling


Næringslivet som er utsett for global konkurranse, har alltid understreka at tilgang på kompetanse er ein føresetnad for å overleve. Hurtig omstilling gjer det naudsynt at vi lærer heile livet. Utfordringa vår vil bli å sikre kvalitet i utdanninga, når tempoet i endringane vert mangedobla.

Dei raske endringsprosessane driv no fram nye strukturar i varehandelen, der butikkane vil utvikle seg til å bli opplevingsrom, medan salet går via netthandelen. Jobbane og kompetansebehovet vil endre seg radikalt innan varehandelen. Liknande prosessar vil vi få innan industrien, transportsektoren, undervisningssektoren og offentleg forvaltning.

Teknologiutviklinga går så raskt, og mangelen på kompetanse vil vere så kritisk, at modellen med å skifte ut medarbeidarar med nye som har ein meir rett kompetanseprofil, ikkje lenger vil fungere. Vi må satse målretta på etterutdanning og livslang læring.

Fokuset vil vere kvalitet i utdanninga som sikrar næringslivet konkurransekraft i framtida, og kompetansen må raskt bli formidla og forstått av mottakar.

Sogn opplæringskontor og Sogn kompetanse AS vil bli våre verktøy for å sikre tilgang på rett kompetanse.




SOGN OPPLÆRINGSKONTOR OG
SOGN KOMPETANSE AS VIL BLI
VÅRE VERKTØY FOR Å SIKRE
TILGANG PÅ RETT KOMPETANSE

2. Utfordring 2 - Tilgang på næringsareal

Årdal har ikkje ledig industriareal. Vi har også utfordringar knytt til leveranse av energi til delar av kommunen. Årdal Utvikling har gjort ei kartlegging av potensielt areal som kommunen bør satse på.

Arealpolitikken må støtte opp under utviklingsarbeidet.



ETABLERE EIN INDUSTRIPARK
SAMAN MED HYDRO,
NÆRINGSLIVET OG ÅRDAL
KOMMUNE

Årdal Teknologipark AS og etablering av ein industripark saman med Hydro vil sikre naudsynt areal som støttar opp om det grøne skiftet.

ÅU har gjennomført eit forprosjekt knytt til etablering av ein industripark saman med Hydro, næringslivet elles og Årdal kommune.

Dette prosjektet vert vårt verktøy for å sikre tilgang på areal.

3. Utfordring 3 – Desentrale undervisningstilbod

Den største utfordringa vår er nedgangen i folketalet for aldersgruppa 18 – 29 år. Nedgangen gjeld begge kjønn, men er størst for jenter. Det har utvikla seg ein praksis at alle som reiser for å studere, også melder flytting. Vi ser såleis at byar og regionsenter med høgskuletilbod veks, og helst i årsklasse 18 – 29 år. Når ein først melder flytting, så bryt ein mange relasjonar til heimkommunen, og det første viktige steget for å flytte frå heimstaden er teke. Å halde på relasjonar mot dei som tek utdanning, og satse på å etablere arbeidsplassar som er attraktive for den type utdanning dei tek, vil bli ein føresetnad for å snu folketalsnedgangen. Utdanningssystema er i sterk endring, der desentral utdanning vil bli vanleg. Å sikre desentrale utdanningstilbod i Årdal, må bli ei hovudoppgåve i åra som kjem.



SOGN KOMPETANSE VIL BLI VÅRT
VERKTØY FOR Å REALISERE
DESENTRALE
UNDERVISNINGSTILBOD

Sogn kompetanse vil bli vårt verktøy for å realisere desentrale undervisningstilbod

4. Utfordring 4 - Tilgang på attraktive sentrumstomter for bustadbygging

Å legge til rette for attraktive sentrumstomter, der eigedomsinvestorar kan bygge ut bustader for sal eller utleige, vil bli ein føresetnad for å sikre at Årdal kan bli ein attraktiv bustadkommune. Det er korte avstandar i Årdal, og tilrettelagt kommunikasjon, vil gjere det attraktivt å busetje seg i heile kommunen.



TILGANG PÅ SENTRUMSNÆRE OG
ATTRAKTIVE AREAL FOR
BUSTADBYGGING

Årdal kommune må sikre tilgang på sentrumsnære og attraktive areal for bustadbygging

5. Utfordring 5 – Bærekraft, klima og miljø

Bærekraftig utvikling er eit stort og samansett tema. Alle vil ha utvikling, og dei fleste er samde om at han bør vere bærekraftig. Korleis kan kommunen bruke FN's bærekraftsmål i kommuneplanlegginga, når det gjeld dei tre dimensjonane i FN's bærekraftsmål:

- miljømessige bærekraft, sosial bærekraft, økonomisk bærekraft?

Dette må vere overordna arbeidet kommunen skal gjere, både som tenesteutviklar og samfunnsutviklar.

Det er eit mål at Årdal Teknologipark (ÅTP) skal bidra til ei betre samhandling mellom næringslivet, forskings- og utdanningsinstitusjonar og det offentlege gjennom verkemiddelapparatet.

Hovudstrategiane

Strategiane i Strategisk Næringsplan gjev framleis eit godt svar på korleis Årdal skal møte utfordringane knytt til næringsutvikling. Så er det likevel slik at ein må vurdere kor sterkt ein skal vekte dei ulike strategiane, ut frå den situasjonen lokalsamfunnet, regionen og landet er i. Årdal vil satse vidare på å gjennomføre kompetansestrategien og reiselivsstrategien. Samstundes skal vi sjølvstendig utvikle Årdal Utvikling vidare som eit serviceorgan for næringslivet vårt.

Gjennomføre kompetansestrategien

Digitaliseringa skyt fart, og må møtast med tiltak definert i kompetansestrategien til kommunen. Mange av tiltaka er no realiserte, og vi vil truleg ha trong for at kompetansestrategien ser framover og utviklar strategiane vidare for å møte nye utfordringar, der vi nyttar dei nye verktøya som er etablerte gjennom SOK, SITEP AS, Sogn kompetanse AS og Årdal Teknologipark AS.

Årdal teknologipark (ÅTP) sine overordna målsettingar er:


- Skape ein arena og nettverk mellom næringsliv, forskingsmiljø, skulane og virkemiddelaktørane
- Skape eit innovasjonsmiljø som grunnlag for auka innovasjon og knoppskyting
- Skape eit kompetansemiljø som grunnlag for å utvikle ny kompetanse blant elevar og tilsette
- Få etablert «Nasjonalt senter for prosessindustrien» som ein arena for kompetanse bygging og innovasjon knytt opp mot prosessindustrien
- Auka verdiskaping og utvikling av attraktive arbeidsplassar
- Legge til rette for eit meir attraktivt utdanningsmiljø for skuleelevar og studentar
- Tilbodet til nytte for heile fylket Årdal må ha fokus på å vidareutvikla høgproduktive arbeidsplassar og utvikle vidare ein berekraftig næringsstruktur, der teknologi er sentralt element og verkemiddel.

Gjennomføre reiselivsstrategien

I 2016 vart det utvikla ein reiselivsstrategi for Årdal som ei eige satsing ut frå strategisk næringsplan. Aktørane i næringa har teke ansvar for implementering av handlingsplan saman med Visit Sognefjord. Det har vore ei svært positiv utvikling handelsbedrifter. Trafikken på innfartsvegane aukar betydeleg, og overnattingsstatistikkane viser god auke. På grunn av ekstraordinære tilhøve, fekk vi ein nedgang i 2022, men dette var ein nasjonal trend.

Verdien reiselivet har for Årdal, er avhengig av kva grupper tilreisande som besøker oss. Her må vi gjere dei rette strategiske grepa.

Det er fem bransjar som utgjer reiselivsnæringa - overnatting, servering, opplevingar, transport og formidling. Innhaldsbransjane overnatting, servering og opplevingar handlar om å skape eit godt reiselivsprodukt i Årdal, som er attraktive for besøkande. Tilgjengelegheitsbransjane transport og formidling har meir ein infrastrukturfunksjon, ved å legge til rette for å frakte besøkande dit dei skal, og organisere tilbod. Figuren under illustrerer det som er reiselivsnæringa i Årdal.



Vi har valt å ta lærdom av måten vi har organisert satsinga på industri og teknologi, og legg opp til ein liknande og tilpassa strategi for reiseliv og besøksnæringane.

Reiselivet er også viktig for å skape bulyst i kommunen. Auka besøk gjev grunnlag for gode og varierte tilbod innan handel, opplevingar, serveringsstader, overnattingsbedrifter og formidlingstilbod.

I reiselivet er bærekraftutfordringa noko vi må ha ein aktiv strategi for å møte. Årdal har dei siste åra hatt sterkt fokus på miljøavtrykka i industrien vår, og det har vore gjort offensive grep for å møte denne utfordringa. Denne erfaringa tek vi med oss inn i reiselivssatsinga. Bærekraft er ein føresetnad for å utvikle reiselivet i Årdal.

Den strategiske modellen kan grovt illustrerast slik:



MÅL MED ARBEIDET:

- Utvikle infrastruktur
- Produktutvikling
- Pakking av produkt og konsept
- Aktivitetstilbod
- Sal og marknadsarbeid
- Kommunikasjon og profilering

HANDLINGSPLAN 2023

PROSJEKT FOR ÅRDAL

1 LEGGE TIL RETTE FOR NYE LØNSAME ARBEIDSPLASSAR.

Mål:

Bidra til langsiktig utvikling gjennom kontinuerleg fokus på lokalt næringsliv si evne og vilje til å utvikla nye marknadar, produkt og tenester og leggja til rette for at fleire bedrifter vert etablert i Årdal.

- Vidareutvikle eit profesjonelt serviceapparat mot næringslivet.
- Nyetableringar og nye satsingsområde i eksisterande bedrifter må ha som siktemål å styrke og vidareutvikle teknologimiljøet i Årdal.
- Utvalde prosjekt innan besøksnæringa og industri vil ha spesiell merksemd i åra som kjem.
- Fleire gode gründerar: Stimulere til at fleire lukkast med å etablere eiga verksemd, og maktar å ta etableringa over i ein vekstfase. Satsinga skal samordnast med utviklinga av ein knoppskytingsstrategi, knytt opp mot etableringa av eit teknologisenter i Årdal og eit tett samarbeid med Årdal vidaregåande skule.

Førstelinjeteneste

Mål:

Utvikle vidare Årdal Teknologipark som ei serviceteneste for dei som ønskjer å skape nye bedrifter eller utvikle eksisterande bedrifter. Hjelp næringslivet i å finne fram i verkemiddelapparatet.

- Samarbeide tett med SITEP AS
- Utvikle vidare eit gründarsenter i Årdal Teknologipark
- Satse på elevbedriftene/ungdomsbedrifter.



Årdal Teknologipark og utleige

Vi har etablert ein møteplass og kontorfellesskap for innovative gründerar, oppstartsbedrifter og prosjekt med vekstpotensiale.

Gründerparken er for deg som:

- har ambisjonar og behov for å vere knytt til eit avansert teknologimiljø i ATP.
- er interessert på å dele kunnskapen din med andre bedrifter i gründerparken til ATP.
- har trøng for faglege og sosiale arrangement og vil ha nytte av kurs og rådgjeving innan teknologi og foretningutvikling.
- har trøng for fleksible leiginger knytt til leige og tilgang til materiom med avansert teknologi og sosiale rom og kantiner.

Nyskaping og organisk vekst

Mål:

Saman med regionen gjennomføre eit stort, felles løft og nye strategiske tilnærmingar for å auke den samla nyskapingsevna vår.

- Etablering av nye bedrifter.
- Vekst i eksisterande bedrifter.
- Forskings- og utviklingsarbeid.
- Kartlegge attraktivt næringsareal

I dette arbeidet vil ein halde fram med å utvikle samarbeidsrelasjonar til regionale aktørar.

Akkvisisjon

Mål:

Jobbe fram prosjekt etter metodikken «Framtidige robuste arbeidsplassar i Årdal». Det gjeld å finne dei verksemdene som:

- Ser på Årdal som ei spennande lokalisering.
- Er interessante for Årdalssamfunnet.
- Kan utnytte dei moglegheitene ei lokalisering i Årdal kan gi.

Legge til rette for at Hydro vidareutviklar teknologisatsinga i Årdal

Mål:

- Legge til rette for at Hydro moderniserer i Årdal ved at dei vidareutviklar teknologiseret i Årdal og legg grunnlaget for verdas mest bærekraftige aluminiumsproduksjon.
- Få fram Årdal sine konkurransefortrinn; tilgang på vasskraft, tilgjengeleg areal, høgkompetent arbeidsstokk og kompetansen knytt til teknologiseret i Årdal.

Ekspansjon NorSun i Årdal

Mål:

NorSun, den leiande ikkje-asiatiske produsenten av monokrystallinske wafere til ultrahøgeffektive solceller, har tross vanskar, planar om 5 doble produksjonskapasiteten, innføre ny teknologi og redusere einingskostnadane.

Årdal kommune vil gjennom Årdal Utvikling støtte prosjektet.

- Årdal Utvikling vil arbeide aktivt for å sikre at Norsun kan utvikle seg vidare i Årdal, og bidra med kompetanse frå Sitep til Norsun.
- Årdal kommune vil gjennom Årdal Utvikling arbeide aktivt med å legge til rette for ytterlegare investeringar i Norsun i åra som kjem.

2 Helse

Mål:

Med den komande eldrebølgja, vil vi ha eit veksande behov for ulike typar helsetenester. Årdal skal satse på næringsutvikling knytt til førebygging og rehabilitering innan helse generelt og psykisk helse spesielt. Denne satsinga skal gjerast i tett samarbeid med satsinga innan reiseliv, der opplevingar og infrastruktur skal kunne nyttast i begge bransjar over heile året.

- Utvikle ein strategi for nyskaping og organisk vekst i eksisterande helsetilbod.
- Etablere gode relasjonar til aktuelle utdanningsmiljø som sikrar god tilgang på spisskompetanse og rekruttering av fagfolk innan helse

3 Kompetanse og innovasjon

Mål:

Med utgangspunkt i våre sterke vekstkraftige næringsmiljø, skal vi jobbe vidare med å kombinere kompetanse, nettverk og kapital. Samarbeid mellom FoU og næringslivet er ein nøkkelfaktor i strategien.

Strategien er det strategiske fundamentet for å få fleire gründerar, fleire vekstkraftige bedrifter og eit stort innovativt næringsmiljø i Årdal.

- Auka innovasjonsgrad, auka produktivitet, realisering av potensialet for lønsemd og betre konkurransekraft. Styrke Sitep sitt arbeid knytt til industri 4.0
- Sikre verksemdene rett arbeidskraft for å unngå at drift og produksjon vert flytta utanlands.
- Stimulere til utvikling av klynger og andre innovative næringsmiljø med vekstpotensiale, der vi nyttar Sitep som verkemiddel.
- Sterkare samspel mellom FoU-institusjonar og næringslivet for å realisere eit enda større utbytte hos alle aktørane.

No er tida komen der kompetansestrategien må utviklast vidare, med utgangspunkt i dei aktørane som no er på plass i Årdal Teknologipark.

Organisering (ref Strategi for innovasjon og kompetanse)

Mål:

Gjennom Årdal Teknologipark (ÅTP) skal vi skape arena for kompetanse og innovasjon gjennom samlokalisering av aktørar og utvikling av bedriftsnettverket/ næringsklynga.

- Forprosjekt: Etablere eit nasjonalt senter for prosessindustrien
- Kapitalisere opp Årdal Teknologipark AS – arena for samhandling og innovasjon
- Samarbeid med andre kommunar, lokale og regionale utviklingsmiljø
- Arbeide aktivt for å realisere intensjonane i samarbeidsavtalen med Raufoss Industripark/Norsk Katapult og teknologimiljøa i Bergen.

Tiltak:

- Støtte opp om næringsklynga SITEP AS, Sogn Opplæringskontor, Sogn kompetanse og Årdal teknologipark AS
- Gjennomføre eit prosjekt saman med Hydro, knytt til etablering av industripark i Årdal
- Samlokalisering av aktørar innan innovasjon, kompetanse og FOU
- Etablere kompetanse på prosjektfinansiering i Årdal Teknologipark AS
- Utvikle kontormiljø og møteplassar
- Sikre auka innovasjon og knoppskyting
- Ta ein regional rolle på industri utvikling i Vestland

Utdanningsretningar tilpassa næringslivet sine behov

Mål:

Saman med Sogn kompetanse, Sogn opplæringskontor, Årdal vidaregåande skule og grunnskulen etablere utdanningsretningar tilpassa næringslivet sine behov i Årdal og regionen. Dette skal danne grunnlag for å sikre tilgang på kvalifisert arbeidskraft til alle bedrifter i Årdal på mellomlang og lang sikt. Saman skal vi vere eit ressurscenter for nærmiljø og regionen og legge til rette for behov knytt til kompetansereforma. Vi skal gi tilbod om opplæring for næringsliv, arbeidsledige og permitterte. Saman med Sogn kompetanse og Sogn opplæringskontor skal vi etablere kursmekling mot næringslivet i 2022, utvide tilbod til vidaregåande skule – teknologifag i praksis, styrking av fagutdanninga, utvikle vidare eit prøvesenter for lærlingar og etablere undervisningstilbod til grunnskulen – teknologifag i praksis

- Kopling mot fagskule/høgskule/universitet – desentraliserte tilbod
- Utvikle samarbeidet mellom Årdal vidaregåande skule, Sogn kompetanse og Sogn Opplæringskontor.
- Etablere praktiske ordningar for å flytte læringsarenaen frå klasserommet og ut i næringslivet.
- Samarbeide tett med Sogn Opplæringskontor for å styrke fagutdanninga i den vidaregåande skulen.
- Etablere ein årleg «Kunnskapsdag i Årdal», der ein set fokus på kunnskapsutvikling, innovasjon og nyskaping.
- Fagskuleutdanning som starta opp i 2021 skal vidareutviklast med nye utdanningstilbod.

4 Eitt samfunn

Mål:

Årdal har to tettstader Årdalstangen og Øvre Årdal. Vi skal utvikle Årdal ved å redusere den praktiske og mentale avstanden mellom dei to sentrumsområda. Dette blir ein viktig føresetnad for å styrke bustadattraktiviteten i Årdal. Dette gjer vi ved å betre kommunikasjonsløysingane og etablere ei klar rolledeling mellom sentrumsområda. Vi skal aktivt dyrke fram ulikskapen mellom tettstadene, når det gjeld opplevingar, handel, service, tenestetilbod og bustadmiljø. Å bygge eit godt omdøme for Årdal må bli alle sitt ansvar.

Betre kommunikasjonsløysingane

Arbeide fram gode kommunikasjonar for Årdal, både ut og inn av Årdal og internt i Årdal, og korleis desse eventuelt kan realiserast og finansierast.

- Arbeide med utfordringar lista opp i rapport om FV 53.
- Arbeide med utfordringar lista opp i rapport om Tindevegen
- Saman med Årdalsnett bygge vidare ut infrastrukturen på fiber

Prosjekt Gamle Kraftstasjonen

Ferdigstille Årdal visningscenter, fase 2

Årdal visningscenter, fase 1, stod ferdig sommaren 2022, og fase 2, som er knytt til rehabilitering av og innhaldsutvikling i den gamle kraftstasjonen, er i gang. Føremålet er at den gamle kraftstasjonen skal vera ein del av Årdal visningscenter sitt tilbod, og i

tillegg vera ein arena for arrangement og formidling av krafthistoria. Bygget skal også fungera som eit visningsssenter i samhandling med visningsssenteret i Hydrohusa.

Prosjekt Sjøfronten

Naddvik – Årøyni – Årdalstangen – Seimsdalen – Indre Ofredal

Før var det fjorden som var vegen, og prosjektet skal legge til rette for at innbyggjarar og besøkande kan ta fjorden i bruk i større grad også i dag. Prosjektet skal gjennomføre enkle tiltak for å tilrettelegge for bruk av fjorden med infrastruktur, informasjonstiltak, flytebrygger og kajakkkremper. Sjøfronten til Årdal strekker seg frå Naddvik, forbi Årøyni inn til Årdalstangen, og vidare ut forbi Seimsdalen til Indre Ofredal.

Prosjekt Utladalen Nasjonalparksenter

Prosjektet er eit samarbeid mellom Årdal Utvikling, Stiftinga Utladalen Naturhus og Visit Årdal. Prosjektet skal søke om autorisasjon som nasjonalparksenter på vegne av Utladalen Naturhus, med føremål å få grunnfinansiering til formidlingsarbeidet i Utladalen landskapsvernområdet. I tillegg skal prosjektet forsøke å etablere status som nasjonal turiststi for folkevegen frå Hjelle til Vetti og stien vidare til utsynspunktet over Vettisfossen. Dette vil også utløyse ei årleg grunnfinansiering som vil vera viktig for å vidareutvikle Utladalen med kopling til Årdal som nasjonalparkkommune.

5 Reiseliv

Mål:

Årdal skal utvikle eit innovativt reiselivsmiljø med breie samarbeidsflater, og der «reason to go» vert skapt gjennom høg grad av kundetilpassing og opplevingar som spelar på natur eller kontrasten mellom industri og natur. Vi skal få på plass ein organisering av satsinga som er godt forankra i næringslivet generelt og i reiselivsbedriftene spesielt.

Prosjekt Årdal-Tyin

Prosjektet skal etablere Årdal som vegen til fjorden frå Tyin/Filefjell i samband med den komande utbygginga på Filefjell. Viktige tiltak vil vera å etablere samarbeid og dialog med utbyggjar, verksemder og kommunane på den sida av fjellet.

Prosjekt vinterturisme

Årdal har eit unytta potensiale innan vinterturisme, og har alt i dag heilårsopne overnattingsverksemder og innarbeidde vinteraktivitetar å by på. Å setja dette inn i ein større samanheng som knyter oss mot vinterdestinasjonar i Valdres og som ein del av satsinga på heilårsturisme gjennom Sognefjord 365-prosjektet drive av Visit Sognefjord, vil avdekka potensialet og ta oss vidare i denne satsinga.

Profileringsprosjekt sykkelsturisme

Prosjektet skal fullføre skiltprosjekt på gamle tunnelvegen, og etablere infrastruktur og utvikle produkt som vil gjera sykkelturen Sletterust-Øvre Årdal til eit attraktivt produkt for besøkande. Profileringsprosjektet er i all hovudsak knytt til gamle Tunnelvegen frå Sletterust til 1000m, og vidare ned til 400m, men det er absolutt aktuelt å sjå på vegen som går langs Torolmen også – og gjera denne til ein del av sykkelruta.

Prosjekt Damvokteren på 1000m

Bygget som tidlegare var damvoktarbustad på 1000m er tilgjengeleg for aktørar som vil utvikla dette som ein del av reiselivssatsinga i Årdal. Årdal Utvikling/Visit Årdal er i dialog med Hydro Energi om moglegheiter knytt til bygget. Prosjektet skal avdekka moglegheitene, kopla på aktuelle aktørar og knyta dette saman med profileringsprosjektet for sykkelturisme og kraftturismeprojektet i Vestland. Prosjektet må i dialog med Hydro Energi få på plass ein avtale om endra eigarskap eller leige av bygget. Her er moglegheiter for å kopla bygget på formidling av krafthistoria, overnatting, arrangement eller liknande. Bygget må rehabiliterast.

Prosjekt «Kraftturisme i Vestland»

Vestland og Rogaland samarbeider om eit prosjekt for å kartlegge om det er ein marknad for opplevingar i kraftlandskapet på Vestlandet. Visit Årdal er deltakar i prosjektet. Parallelt med prosjektet vil Visit Årdal arbeide for å profilere Årdal som reisemål ved å kople opplevingar som har med vasskraft å gjera i ein eigen opplevingsakse frå Indre Ofredal ved fjorden via Årdal visningssenter og Gamle kraftstasjonen til Tunnelvegen og visningspunkt på 1000m.

Utvikling av kulturbasert turisme i kraftlandskapet på Vestlandet har brei planforankring og politisk prioritet i Rogaland og Vestland fylkeskommunar. Prosjektet «Kraftturisme. Opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet» har fokus på område med gjennomgåande låg turisme, men med unytta marknadspotensial, ikkje minst på grunn av at lokasjonane ligg i arenaer som allereie er godt marknadsført (Fjordturisme).

I Stortingsmelding 16, under Strategi for kultur og næring, heiter det:

Regjeringa vil legge til rette for å etablere næringsverksemd basert på norsk kulturarv, innanfor berekraftige rammer og med vekt på kulturminne og -miljø. Riksantikvaren støttar i dag både private og offentlege aktørar som ønsker å utbetre kulturminne for å satse på næringsutvikling og legge til rette for verdiskaping. Prosjekta kan gjelde både stadutvikling, gardsturisme, skilting og generell tilrettelegging for besøkande.

Som direktorat har NVE eit sektoransvar for at vasskrafta sine kulturminne og -miljø vert teke omsyn til, og for å bidra til at dei vert ivaretekne. NVE vil, i dette prosjektet, med sin kompetanse på nettopp vasskrafta sine kulturminne og kulturmiljø, ha ei rådgjevande rolle. I tillegg vil NVE støtte opp om prosjektet med si kontaktflate mot vasskraftbransjen.

Visit Årdal – vegen vidare

Visit Årdal er eigd av Årdal Utvikling og alle verksemdene i Årdal som har tilknytning til reiseliv. Verksemdene innan turisme i Årdal er små og til dels sårbare, og Visit Årdal si rolle som knutepunkt er svært viktig både for sal, marknadsføring og vidareutvikling. Det ligg mange oppgåver til selskapet pr i dag, og det er viktig at selskapet får finansiert ein stilling som kan jobba målretta og systematisk med Årdal som reisemål. Visit Årdal skal vera Årdal kommune sin aktør innan reiselivssatsinga, for å sikra forankring i næringa og sjå til at kortsiktige og langsiktige tiltak blir gjennomført til rett tid. Nokre viktige tiltak er: drift av booking- og webportal, marknadsføring, salsarbeid, kontakt mot destinasjonsselskapa både i vest og i aust, produktutvikling, visningsturar og presseturar og prosjektleiing.

Prosjekt produktutvikling og pakketering

Visit Årdal arbeider med Visit Sognefjord om å få etablert Årdal som knutepunkt for sal over disk av opplevings- og produktpakker i Årdal. Visit Årdal koplar seg på felles bookingløysing initiert av Visit Sognefjord, slik at Visit Sognefjord sitt salsapparat får direkte tilgang til våre produkt og pakker – for sal gjennom sine kanalar. Visit Årdal jobbar parallelt med å bli ein møtestad for produktutvikling for alle reiselivsverksemdene i Årdal. Prosjektet skal sikra god kvalitet og større verdiskaping for både små og store verksemdar i Årdal.

Operativ strategi	Prosjekt 2023	Tid	Budsjett	Ansvar
	Realisering av strategi	År	MNOK	
1 LØNSAME ARBEIDSPASSAR	Drift av førstelinetjeneste	2023 - 2024	1,0	ÅU/ÅTP
	Utviklingsprosjekt lokale bedrifter som skal sikre god lønnsemd for vidare ekspansjon.	2023	0,3	ÅU/SITEP/ÅTP/VÅ
	Knoppskytingsprosjekt ÅTP	2023	0,2	ÅU/SITEP/ÅTP
	Legge til rette for ekspansjon Norsun, fase 2 og fase 3	2023 - 2025	0,3	ÅU/SITEP/ÅK
	Akkvisisjonsprosjekt nye bedrifter	2023 - 2025	1,0	ÅI, ÅU, ÅK, Hydro
2 HELSE	Etableringsprosjekt helsetenester som t.d fysioterapi, ergoterapi, fotterapi	2023	0,1	ÅU/ÅK
3 KOMPETANSE OG INNOVASJON	Rekrutteringsprosjekt teknologiklynga i Årdal	2023	0,2	ÅU/SOK/SITEP
	Sogn kompetanse AS – frå oppstart til drift	2023	0,3	ÅU/SOK/SITEP/SK
	Etablere årlege fagdagar, kunnskapsdagar og seminar i Årdal	2023	0,2	ÅU/SOK/SK/Sitep
3.1 KOMPETANSE- SENTER	Desentraliserte undervisningstilbod frå fagskule/høgskule og universitetsmiljø	2023 - 2024	0,4	ÅU/SK/SITEP/SOK
	Bedriftsstøtte mellomromsarbeid i Sogn kompetanse AS/Sogn Opplæringskontor	2023	0,3	ÅU/SOK/SK
	Utvikle samarbeidet mellom Årdal vidaregåande skule, Sitep AS, Sogn Opplæringskontor og Sogn kompetanse AS	2023 - 2024	0,3	ÅU/SITEP/SOK/SK
3.2 INNOVASJON	SITEP AS – bedriftsstøtte mellomromsarbeid	2023-2024	0,4	ÅU/SITEP/ÅK
	Ta ein regional rolle på industriutvikling i Vestland	2023 - 2024	0,6	ÅU/SITEP/ÅK
3.3 ORGANISERING	Årdal Teknologipark AS frå oppstart til drift.	2023	1,3	ÅU/ÅTP/ÅK
	Etablere Årdal industripark i Årdal for at Årdal skal klare det grønne skiftet	2023	0,6	ÅU/ÅTP/Hydro
4 EITT SAMFUNN	Årdal sine kommunikasjonsbehov og korleis desse bør stettast (Ref rapport Tindevegen og rapport FV53)	2023 - 2024	0,1	ÅU/ÅK/VÅ
	Prosjekt Gamle kraftstasjonen – ferdigstille Årdal visningscenter, fase 2.	2023	0,3	ÅU/ÅK/Hydro
	Prosjekt sjøfronten – Naddvik-Årøyne-Årdalstangen-Seimsdalen-Indre Ofredal. Tilrettelegge for bruk av fjorden med infrastruktur, informasjonstiltak, flytebrygger og kajakkramper.	2023 - 2025	0,5	ÅU/Visit Årdal/ÅK
5 REISELIV	Prosjekt Årdal – Tyin – etablere Årdal som vegen til fjorden frå Tyin/Filefjell	2023 - 2024	0,3	ÅU/VÅ
	Profileringsprosjekt sykkelturnisme, Tunnelvegen; Sletterust - 1000m	2023	0,3	ÅU/VÅ
	Prosjekt Damvoktaren på 1000m	2023 - 2024	0,3	ÅU/VÅ
	Visit Årdal – vegen vidare	2023 - 2025	0,5	ÅU/VÅ
	Prosjekt Kraftturnisme – profilere Årdal som reisemål ved å kople opplevingar som har med vasskraft å gjera i ein eigen opplevingsakse frå Indre Ofredal ved fjorden via Årdal visningscenter og Gamle kraftstasjonen til Tunnelvegen og visningspunkt på 1000m.	2023 - 2024	0,5	ÅU/VÅ/ÅTP
	Prosjekt produktutvikling og pakketering	2023 - 2024	0,2	Visit Årdal
	Prosjekt vinterturnisme	2023 - 2024	0,2	Visit Årdal
	Søke om autorisasjon som nasjonalparksenter	2023 - 2024	1,0	ÅU/VÅ/UN

Årdal teknologipark - ÅTP	Visit Årdal - VÅ	Sogn Opplæringskontor - SOK	Årdal Industripark - ÅI
Sitep - S	Årdal kommune - ÅK	Sogn kompetanse - SK	Utladalen natursenter - UN